

Å R S M E L D I N G

for

SOGN OG FJORDANE VILLREINNEMND, 2013

Sogn og Fjordane villreinnemnd har i 2013 bestått av fylgjande medlemmar:

Kommune	Navn	Villreinområde
Askvoll	Astrid Halsteinsen	Sunnfjord
Gaular	Lars Egil Viken	Sunnfjord
Førde	Arnfinn Ringstad	Førdefjella og Sunnfjord
Jølster	Ragnhild Sæle	Førdefjella, Sunnfjord og Svartebotn
Gloppen	Sølvi Anne Espeland Hope	Førdefjella og Svartebotn
Naustdal	Olav Svoen	Førdefjella
Stryn	Astrid D. Raftenvold	Svarebotn
Lærdal	Guro Eri Jakobsen	Lærdal/Årdal
Årdal	Ole Bjarne Hovland	Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen
Luster	Astrid Eitrheim Lerum	Vest-Jotunheimen

Vara har vore:

Kommune	Navn	Villreinområde
Askvoll	Gunnar Osland	Sunnfjord
Gaular	Ole Johannes Øvretveit	Sunnfjord
Førde	Bodil Støfring	Førdefjella og Sunnfjord
Jølster	Per Inge Indrebø	Førdefjella, Sunnfjord og Svartebotn
Gloppen	Åse Marie Ravnestad	Førdefjella og Svartebotn
Naustdal	Inge Svorstøl	Førdefjella
Stryn	Olav Ø. Skåden	Svarebotn
Lærdal	Jarle Molde	Lærdal/Årdal
Årdal	Martine Holsæter	Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen
Luster	Svein Tore Heltne	Vest-Jotunheimen

Leiar har vore Astrid Eitrheim Lerum frå Luster og nestleiar har vore Lars Egil Viken frå Gaular. Sekretariatet har vore ved Siri Bøthun Naturforvaltning i Fresvik, med Siri Wølneberg Bøthun som ansvarleg sekretær. Inkludert i sekretariatsoppdraget som fagleg rådgjevar er Per Aksel Knudsen, kan nås på tlf.: 32090965 eller e-post: peraksel@sbnatur.no. Nemnda har felles sekretariat med villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen. Det er nytta i alt 121 arbeidstimar i sekretariatet på vegne av villreinnemnda for Sogn og Fjordane.

Møteaktivitet:

Nemnda har hatt to plenumsmøter, dette var årsmøtet på Skei 03.04.2013 og haustmøte i Lærdal 20. – 21.11.2013.

29. – 30. mai deltok sekretæren på samling for sekretariatene i norske villreinnemnder på Honne kurssenter, i lag med Hermund Mjelstad frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Ho deltok også på årsmøte i villreinnemnda 30. – 31. mai, same stad. Det var ingen nemndsmedlemmar som hadde høve til å delta på årsmøtet.

Leiarane i villreinutvala vart inviterte til haustmøtet m. seminar. Leiar i Lærdal – Årdal er medlem i nemnda, og var tilstades. Elles deltok Magnus Mo frå Sunnfjord villreinområde og Malvin Barlund frå Førdefjella villreinområde. Svartebotnen klarte ikkje å sende nokon og Vidar Moen frå Vest-Jotunheimen vart forhindra med kort varsel. Haustmøtet vart halde i samband med et seminar arrangert av Norsk villreinsenter (Sør og Nord) for Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinnemnda for Sogn og Fjordane. Hovudtema første seminardag var vilkårsrevisjonar. Det vart gjort eit gruppearbeid der ein freista å kome fram til kva verknad kraftutbygging har hatt på dei einskilde villreinområda. Hovudtema 2. seminardag var innavlsproblematikk i små villreinområder v/ *Knut Røed, professor ved Norges Veterinærhøgskole*. Me fekk og eit foredrag om villrein, ferdsel og næringsutvikling v/ *Heidi Ydse, naturveil eder, Norsk villreinsenter Nord*. Deltakarane hadde stor nytte av foredraga der dei siste forskingsresultata vart lagt fram.

Villreininteressene har vore representerte i fagleg referansegruppe for verneområdestyret i Naustdal-Gjengedal lvo. gjennom felles representant med Førdefjella villreinutval ved Malvin Barlund, leiar i utvalet, det har vore to møter i rådgevande utval i 2013.

Arbeid i nemnda

Mykje av sakshandsaminga har gått føre seg gjennom bruk av internett og telefon, noko som sparar tid og ressursar. Nemnda har gjeve 11 skriftlege uttaler. 4 av desse har vore saker med svært kort uttalefrist (dagar), der sekretær har gjeve svar pr. e-post påført saksnr. i samråd med leiar, nestleiar og representant for respektive kommune (dvs. arbeidsgruppe). Samtlege av desse gjeld søknadar om motorferdsel.

Det har og vore e-post og telefon dialog med sakshandsamarar hjå kommunar, fylkesmann, verneområdeforvaltar i Naustdal-Gjengedal lvo og i Jotunheimen Nasjonalpark og med utvalsleiarane.

Viktige saker i villreinområda i Sogn og Fjordane i 2013:

- Kraftledning i Sunnfjordsfjella.
Under bygginga av 420 kV-leidning Ørskog – Sogndal gjennom Sunnfjordfjella villreinområde vart det ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til villrein. Villreinen vart skremt vekk frå kalvingslandet sitt. Men simlene vann å finne ein alternativ kalvingsplass, og kalvinga gjekk bra. Linja er no bygd, og trådane er trekte. Det er førebels ikkje sett straum på linja. Dyra sin åtferd i 2013 tyder på at dei ikkje har vorte hindra i trekk so langt. Me håpar dette ikkje endrar seg når straum vert koplå på.
- Også i 2013 har nemnda har fylgd opp tema motorferdsel i utmark. På vårmøtet fekk nemnda ein gjennomgang av lovverket kring motoreferdsel i utmark v. sekretæren. Det er send eit brev til alle kommunane i området vårt med oppmoding om omsyn til villrein ved tildeling av motorferdselløyver. Det vart og bede om høve til innspel i større saker og kopi av alle vedtak der løyver vart tildelte innanfor eit villreinområde. Det har no vorte ein mykje betre dialog med verneområdeforvaltinga (Naustdal-Gjengedal og Jotunheimen-Utladalen) ang. motorferdsel.
- Gjenoppbygging av villreinstamma i Vest-Jotunheimen
Utviklinga av stammen i Vest-Jotunheimen har vore positiv. Villreinutvalet har hatt tett og god overvaking av stamma. Det har ikkje vore ordinær jakt i 2013, dels grunna tap av nokre dyr av ukjend årsak. Desse *kan* ha trekt over til naboområdet Ottadalen.
- Utfordringa med små villreinstammer, genetik

Villreinnemnda har freista å sette fokus på spørsmål kring genetikk i små villreinområde. Utvalsleiarane vart inviterte til fagseminar med villreinsenteret, der nemnda spelte inn ynskje om at genetikk i små villreinområde vart sentralt tema. Dette vart fylgd opp som det kjem fram ovanfor. Nemnda har og spelt dette tema inn som ynskje for fagtema på seminar v. Villreinrådet som skal haldast våren 2014.

Økonomi

Grunna kostnadar knytt til arrangement av seminar, med dubling av møtegodtgjersle og dessutan overnatting, frykta nemnda underskot. Fylkesmannen garanterte for inndekking av meirkostnadane sett i høve til ordinært haustmøte, og nemnda vågde difor å seie ja til tilbodet om seminar frå Norsk villreinsenter. Trass dette gjekk nemnda med eit overskot. Delar av dette skuldast at kostnadar knytt til seminaret ikkje er inkludert i rekneskapstala og truleg ein del manglande rekningar for reise- og møtegodtgjersle. Det har ikkje vore synfaringar eller møter i samband med einskildsaker i 2013. Sekretariatet har helde seg innanfor budsjett. Det har vore ein del arbeid knytt til planlegging av seminar sjølv om villreinsenteret tok hovudtyngda av dette. Budsjettet var på kr. 200 000 samla. Haustmøtet gjorde vedtak om at sparte midlar skulle nyttast til beitegransking i Førdefjella villreinområde, som er eit prosjekt villreinutvalet for Førdefjella freistar å få i gong i 2014. For meir detaljerte tal vert det synt til Økonomioversikt for villreinnemnda for Sogn og Fjordane for 2013.

Om dei ulike villreinstammene

Det har i 2013 vore jakt i fire av fem villreinområde. Under fylgjer ein kort status for kvart område, slik det vart presentert på haustmøte i villreinnemnda.

Førdefjella

I Førdefjella var det i 2013 talt 100 dyr etter jakt, med det er målet i bestandsplanen oppnådd. Kalvane i området i 2013 er fine, det vart i alt telt 27 kalv. Det vart felt i alt 10 dyr under jakta, noko som tilsvarte tal løyver. Ein har no ein optimal bestand med ca 30% storbukk og 24% kalv. Det vart skote kalv på 28 kg. under jakta, noko som tyder på sær god kondisjon. Det vert utarbeidd ny bestandsplan som skal gjelde frå 2014.

Sunnfjordfjella

Villreinområdet har no kring 109 dyr (målsetting i bestandsplane: 150). Ein har hatt ein reproduksjon med 22 sterke kalvar med eit utgangspunkt i ein haustbestand i 2012 på 100 dyr. Dyreflokkane fordelar seg slik: Ytre: 24 dyr totalt, men kun 1 vaksen bukk samt ein yngre bukk. 6 fine kalvar. Området spart for jakt i 2013. Midtre: 16 store, fine kalvar, 55 dyr etter jakt. All jakt hausten 2013 gjekk føre seg i midtre. Indre (austleg delområde): lite kontroll på flokken, den har ikkje utvikla seg i ynskt retning. Siste observasjon tilseier ca. 30 dyr i området, dårleg rekruttering.

Den nybygde 420 kV linja har førebels ikkje skapt alvorlege problem. Det tok ein del tid før dyra kryssa over til vestsida etter at trådane var trekte, men seinhaustes trakk dei over, og roa seg. Villreinutvalet er nøgde med dialogen med Statnett.

Svartebotn

Svartebotnen hadde 16 fine kalvar i 2013, nokon hadde heilt oppunder 30 kg. slaktevekt. Vinterstamma før kalving var på 61 dyr. Det vart felt 15 dyr under jakta, dei fleste var flotte slakt, inkl. ein bukk på 100 kg. Stamma tel med det framleis kring 60 dyr.

Lærdal/Årdal

Ny driftsplan vart vedteken i 2013. Denne tek utgangspunkt i ei noko lågare vekstrate, basert på erfaringstal. Stamma har friske, sterke dyr. Tal for stamme presentert på haustmøtet var slik:

Dyretal etter kalving	329
Felte dyr + fallvilt	50
Dyretal etter jakt 2013	279
Teljing 24 september	255

Det vert elles synt til vedlagde lysbiletepresentasjon frå Villreinutvalet.

Vest-Jotunheimen

Stamma vert fylgd godt opp, og ein har no ein vinterbestand på min. 393 dyr. Mellom desse er det tald ein fostringsflokk på 319 dyr (tal frå teljing i februar 2014). Stamma har teke seg godt opp, og villreinutvalet signaliserar at ein vil søkje om fellingsløyver komande haust. Noko av endringane ned (2012) og så opp (2013) skuldast truleg utveksling av bukk med Ottadalen villreinområde. Dette syner kor viktig det er å sjå på ein heilskap også utover dei administrative grensene. Regionalplan for Ottadalsområdet er no i slutfase. Her er det lagt inn ei omsynssone for å bevare trekkmoglegheiter mellom Ottadalen og Vest-Jotunheimen, noko nemnda ser på som positivt. Ei stor utfordring i høve forvaltinga av villreinstamma er å få dyra til å nytte heile området. Inntrykket er at dyra sin arealbruk er styrt av ulike hindringar og barrierar slik at dei ikkje får nytta seg av potensielle, gode beiteområde. Positivt mot slutten av 2013 er at dyra ser ut til å ta i bruk større område.

Utfordringar for forvaltinga

Motorferdsle lyt arbeidast vidare med. M.a. er det viktig å få til dialog med politidistrikta, sidan det er desse som godkjenner øvingsplanar for hjelpekorpsa.

Me ser at det er viktig å spreie kunnskap om villrein og om villreinområda i kommunal og regional forvalting. Villreinnemnda vil arbeide med informasjonsmaterieill i 2014, jfr. vedtak i haustmøte 2013.

3 av villreinområda våre har små stammer, og tema genetikk er viktig både for desse og for dei to mellomstore stammene som har vore gjennom flaskehalsar i form av nyetablering og kraftig bestandsreduksjon. Me ser fram til resultat frå det pågåande forskingsprosjektet som innhentar genetisk materiale frå små villreinbestandar v. stipendiat Kjersti Kvie under veiledning frå prof. Knut Røed.

Med dette vil vi få takke alle samarbeidspartnarar, spesielt villreinutvala som gjer en god jobb med bestandsplanlegging, teljingar og gjennomføring av planar.

21.03.2014

Astrid Eitrheim Lerum
- leiar -

Siri Wølneberg Bøthun
- sekretær -